

Ingen norske i eliteserien blant merkevarer

(NPK): Det er den finske telegiganten Nokia som tronar på toppen av European Brand Institutes (EBI) liste over dei sterkaste merkevarene i Europa.

Ingen norske merkevarer har kome seg inn på lista over dei 50 sterkaste merkevarene i Europa. Telenor er Noregs beste heilt nede på ein 68. plass.

For svenskane er Ericsson best i klassen med en 25. plass. Noko overraskande er Ikea heilt nede på 36. plass, fortel E24.

Bortsett frå finske Nokia er det Storbritannia og Tyskland som dominerer Europas merkevarelandskap.

– For det første er det tydeleg at det finst eit behov for å tilpasse ei merkevare til lokal kultur og lokal forventning og behov, seier forskingsleiar og sjef for EBI, Gerhard Hrebicek.

– Den andre tydelege trenden er at det finst eit enormt potensial i austuropeiske merkevarer, seier han ifølgje E24.

Han fortel at samanhengen mellom merkevarene og brutto nasjonalprodukt per innbyggjar er svært sterkt. Med andre ord heng Europas framtid på sterke merkevarer, meiner Hrebicek. (©NPK)